

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2025

57 . årgang



God påske!




DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJEKONTORET

Postadr.: Etnedal kyrkjelege fellestråd,
Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal
Besøksadr.: Kyrkjevegen 22, 2890 Etnedal
Tlf.: 61 12 13 00
E-post: post.etnedal@kyrkja.no

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård
Tlf. 61 12 13 20/955 28 013
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag, onsdag,
torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST

Marit Slettum
Tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no



ORGANIST

Sergio Okstad
Tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright
Tlf. 951 78 041
E-post: hw337@kyrkja.no



DIAKON

Solgunn Vårlid Stensæter
Tlf. 948 65 195
E-post: ss223@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag 09-15
Permisjon frå 01.01.2025



KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no



KONTORSEKRETÆR

Laila Sveen
Tlf. : 611 21 320/ 955 28 013
E-post: ls456@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09-15

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD

Aage Kleven, leiar
Tlf.: 957 97 299
E-post: aagekleven@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD

Turid Hagaseth Byfuglien, leiar
Tlf.: 995 18 337
E-post: byfugtur@gmail.com



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Thor Olav Hjelset, leiar
Tlf.: 950 43 969
E-post: hjelset@gmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen,
Wenche Hillestad Møller, Solfrid Skogstad
og Syver Øistuen

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 250,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla

Bibelordet:



Møte med den oppstadne Jesus Kristus

Dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt at han ville møte dei. Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilba han, men somme tvila.

Då steig Jesus fram og tala til dei:

«Eg har fått all makt i
himmelen og på jorda.

Gå difor og gjer alle folkeslag
til læresveinar:

Døyp dei til namnet åt Faderen og So-
nen og Den heilage Ande og lær dei å
halde alt det som eg har bode dykk. Og
sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge
verda står.»

Matteus 28, 16-20

Foto, forside og bakside: Marit prest

Gudstenester i påska

Palmesøndag

13. april
kl. 11.00 på Klubbhuset, Mosletta
Takkoffer til Norsk Luthersk
Misjonssamband. Kaffe

Onsdag 16. april

kl. 17.00 Etnedalsheimen.
Nattverd gudsteneste

Skjærtorsdag

17. april kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Dåp og nattverd

19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

Påskedag

20. april kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

Langfredag 18. april kl. 18

Bruflat menighetshus
Ernst Jan Halsne talar og syng



Gåve til Norsk Luthersk Misjonssamband





KYRKJE-VARDEN

Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av bladpengar og gåver til bladet vårt!

Rundt 620 ex blir lagt ut i postkassene her i bygda, og ca. 160 utanom dalen får Kyrkjevarden. Vil du gi eit bidrag i år?

Bladpengar innanbygds, kr. 250, utanbygds kr. 300
Bankgironr. er 2140 07 03822
Alle beløp blir takne imot med stor takk!

Helsing
Kyrkjevarden
Marit prest
Redaktør

Kirkens nødhjelp - Fasteaksjon 6. – 7. april 2025



I dette tidsrommet skal konfirmantane våre ut med innsamlingsbøsser til inntekt for Kirkens nødhjelp sin årlege fasteaksjon.

Dei er 8, og vil rekke over relativt mange husstandar i Etnedal, men det er for mykje å forvente at dei kan rekke alle.

Om du likevel vil støtte aksjonen, kan du vippe til Kirkens nødhjelp.

OBS:! Om du bruker kyrkjelydane sine vipps-nr. blir gåvene rekna med i innsamlingsresultatet frå Etnedal!!

Nord-Etnedal kyrkje #515732
Bruflat kyrkje #515731

Både kontantane og vipps-gåvene, blir sendt samla til Kirkens nødhjelp, fasteaksjonen.

Ta godt imot bøsseberarane!

Fasteaksjonskveld på Bruflat menighetshus

Mandag 7. april kl. 18.00

Regionkontakt Emmanuel Amarh frå Kirkens nødhjelp deltek saman med konfirmantane og presten. Det blir spennande mat frå fleire land, og utlodding til inntekt for fasteaksjonen.

Diakoniutvalet er arrangør.

Fasteaksjonen 2025 Håp i en dråpe vann

Årets aksjonsdager er 06.-08. april 2025. (Av ulike grunnar har vi flytta fasteaksjonskvelden vår til 7. april.)

Nesten 800 millioner mennesker lever uten tilgang til rent vann i verden i dag, på grunn av tørke, flom, jordskjelv eller krig, men det er håp. Kirkens Nødhjelp arbeider både med akutt bistand i katastrofesituasjoner og langsiktige prosjekter for å redusere nød og fattigdom. Vi jobber for fred, rettferdighet, og for å redde liv.

Krigen i Gaza og Ukraina har preget nyhetsbildet lenge. Samtidig pågår det en rekke store humanitære kriser som vi knapt hører om, som krigen i Sudan. På toppen av dette ser vi nå dramatiske kutt i bistanden til verdens fattige fra den største bidragsyteren av alle, USA.

Det er lett å bli motløs. Men det er nettopp i disse dager vi må samle alle gode krefter og gjøre hva vi kan for de mest sårbare. Gjennom fasteaksjonen samler vi inn penger til det livsviktige arbeidet som gjør det mulig for Kirkens Nødhjelp å være til stede for millioner av mennesker som trenger det mest.

Prevensias drøm

Familien til Previncia (13) fikk tilgang til mer vann og har klart å dyrke grønnsaker midt i tørken. Kanskje kan Previncia oppnå drømmen sin?

Tekst: Åsne Gullikstad

Foto: Håvard Bjelland

– For pengene vi har tjent kunne moren min kjøpe disse skoene til meg, forteller Previncia, og peker på føttene.

Vi sitter i skyggen av et tre på gårdstunet der Previncia bor sammen med mor, far, storesøstrene og storfamilie.

Hun og moren dro til nærmeste by da de skulle handle. Også skoleuniform og fritidsklær har Previncia fått.

– Vi har også fått råd til å kjøpe skolebøker, forteller 13-åringen.



Ved hjelp av ganske små dråper vann og dryppirrigasjon kan det vokse planter. Previncia fyller vann i bøtter, og vannet føres ut gjennom vannslanger til plantene.

Inntektene Previncia snakker om, er ingen selvfølge for menneskene her i distriktet Kazungula sør i Zambia. Særlig ikke det siste året. En langvarig tørke gjennom hele 2024 rammet befolkningen hardt. Regntiden i slutten av 2023 varte kun i tre uker. Avlinger har kollapset over hele landet, og mange har ikke vært i stand til å dyrke mat. Folk sulter.

Men Previncia og familien har klart seg – takket være tilgang til vann og en klimasmart dyrkemetode.

DYRKER HELE ÅRET

Alle her var avhengig av å dyrke frem sine små avlinger basert på regn. Men hva gjør man når regnet ikke kommer? I Prevensias landsby Nampongo har man funnet en løsning.

Kirkens Nødhjelp og vår partnerorganisasjon Response Network har sørget for at innbyggerne har fått økt tilgang til vann. Og i en felles grønnsakshage lærer innbyggerne klimasmart landbruk: De dyrker grønnsaker ved hjelp av dryppvanning.

En solcelledrevet vannpumpe pumper vann fra et borehull opp til to store vanntanker. Derfra føres vannet ut gjennom slanger med små hull, så vannet dryppes i jorda akkurat der plantene er. Denne metoden krever ikke så mye vann. To nye vannposter er også etablert i nærområdet.

Slik har folk klart å dyrke grønnsaker selv om det ikke har regnet i løpet av et helt år. Previncias mor, Silvia Mamtanyani, er en av dem. Hun har skaffet både mat til egen familie og inntekter, gjennom salg av en del av grønnsakene. Hun har også en egen grønnsakshage, der de delvis bruker dryppvanning. Silvia forteller at hun akkurat har høstet inn kål.

JOBBER HARDT

Også Previncia jobber hardt for dette. Hver dag etter skolen går hun til grønnsakshagen med vann.

Vi slår følge med Previncia denne dagen. Under stekende sol gjennom det knusktørre terrenget viser hun og moren oss ruten hun går hver eneste dag – en halvtime hver vei. Et sted passerer vi det som har vært en dam. Nå har den tørket inn, og jorda har slått store sprekker. Et inntørket bekkeløp ligger like ved. Men i familienes egne grønnsakshager spirer det av liv. Previncias familie har et enkelt dryppvanningssystem. Previncia fyller vann i bøtter som henger i enden av hver rad med planter, og som er knyttet til vannslangene langs jorda.

Dette er ikke den eneste oppgaven hun har. Dagen starter klokken seks hver morgen.

– Det første jeg gjør når jeg våkner om morgenen, er å vaske tallerkener. Så feier jeg på gårdsplassen her. Jeg begynner på skolen hver dag klokken 7.20, forteller hun.

Når skoledagen er ferdig, spiser hun lunsj hjemme, og vasker opp. Så henter hun drikkevann ved vannstasjonen som nylig ble opprettet, og går til grønnsakshagen for å vanne. Deretter er det tid for lekser. Om det er tid, møter hun gjerne nabovenninnen Beatrice. – Vi spiller nettbull, eller så har vi en konkurranse der vi stiller hverandre spørsmål om hva vi har lært på skolen, sier hun.

Previncia liker å gjøre skolearbeid, og favorittfaget er matematikk.

Hun røper at hun har en drøm:

– Jeg har lyst til å bli sykepleier når jeg blir voksen, fordi jeg ønsker å hjelpe andre mennesker.

TJENER PENGER

– Hun har utmerkede resultater, forteller lærer Gertrude Mayuya.

Vi møter henne på skolen til Previncia. Læreren har kjent Previncia i mange år, og har tro på at hun kan klare å bli sykepleier en gang.

– Hun har vært den beste i klassen i alle fagene i tre år på rad. Hun er veldig oppvakt, og dropper aldri skolen. Det er ikke alle foreldre her som er opptatt av at barna skal gå på skole, men det er foreldrene til Previncia. Jeg er veldig sikker på at de vil oppmuntre henne videre, forteller Gertrude Mayuya.

For mange barn har tørken fått alvorlige konsekvenser.

– Noen blir hjemme på grunn av matmangel. Mange kommer sultne på skolen. De har vanskelig for å konsentrere seg. Det er ikke mulig for et barn å lære noe når det er sultent, sier læreren.

Hun sier hun ser forskjell på barna som er fra familier som har begynt med dryppirrigasjon og som ikke har det. De som er med, har mat, og har kanskje råd til å kjøpe skolebøker og blyanter.

Tilbake på tunet hos Previncia forteller moren at hun tror hun kan klare å betale for at Previncia kan studere til å bli sykepleier.

– Før hadde vi ingen avling, så vi fikk ikke mat. Tørken har rammet alle her, inkludert oss. Men situasjonen hadde vært mye verre om vi ikke hadde drevet med dryppvanning. Nå tjener jeg penger.



Previncia liker å gjøre skolearbeid, og favorittfaget er matematikk.

PÅSKEANDAKT

Redsle og glede

Av biskop Ole Kristian Bonden

Det er noko som bryt gjennom på påskedagen! Noko vi ikkje rår over. Noko vi ikkje kan kontrollere, eller rett forstå. «Kristus er oppstaden. Ja, han er sanneleg oppstaden!»

Kvinnene skunda seg bort frå grava, redde, men jublande glade», fortel Matteus, og dei sprang for å fortelje det til disiplane. Det er dette todelt, av redsel og glede eg vil stanse litt ved. Det er jo dette som er verkeleg. Men ei ny verkelegheit bryt gjennom. Og den rørsle ho skapar, er også vår verkelegheit. Trua på oppstoda blir ei drivkraft til håp og kjærleik. Denne drivkrafta gjer at vi – midt i alt som er – faktisk kan tru på Guds kjærlege nærvær. Fordi det har brote gjennom, i Jesu oppstode.

I Jon Fosse sin trilogi, Septologien, fortel han om målaren Asle. Asle har måla eit bilete som forteljinga stadig vender attende til. Det er to strekar som kryssar kvarandre. Ei brun og ei lilla på eit kvitt, blankt lerret. Det er eit kors. Eit skjeringspunkt. Og eg ser for meg korleis dette enkle korset bryt gjennom eit bilete som ville vore heilt tomt utan dei to strekane. Og i si meditative, gjentakande form, fabulerer forfattere gjennom Asle om Gud som ikkje kan fattast. Som ikkje kan fangast i ord, for Gud er alltid ein annan enn dei namna vi gir han.

Men så synest han nettopp å kunne kjenne att Gud i eit slags «fråverande nærvær», som han kallar det. I Gud sitt fråvær anar han nærværet av Gud. Eller når han målar, ser han biletet som lys og mørke, og han seier: «alltid er det mørkeret i biletet som lyser mest, og eg tenkjer at det kanskje er av di at det er i fortvilninga, i mørkeret, at Gud er nærast, men korleis det lyset eg tydeleg nok målar, kom inn i biletet, nei ikkje veit eg, korleis det kjem til, nei, det skjønar eg ikkje...». I mørkeret anar han lyset. Og slik kunne vi halde fram: I det tomme anar vi fyllden. I einsemda anar vi fellesskapet. Han prøver å nærme seg det inste biletet i seg sjølv – som er Gud. Sjølv om han er varsam med å bruke namnet Gud. Men mennesket er skapt i Guds bilete, og ber Guds bilete i seg.

Da Maria Magdalena og den andre Maria kom til grava var det framleis mørkt. Sorga var botnlaus. Fråværet uendeleg. Døden så endeleg. Alt dette kan vi forstå. Og tomleiken var ikkje berre ei indre kjensle – også grava var tom. Jesu kropp var borte.

Det er noko nytt som bryt gjennom på påskedagen. Aninga av Gud i fråværet, tomleiken, mørkeret og døden blir forankra i noko fast. Det blir forankra i Jesus Kristus sjølv. I korset. I hendinga. I evangeliet: Frykt ikkje: Kristus er oppstaden. Føter spring med bodskap om glede. Ei rørsle. Jesus synt seg for disiplane, og han syner seg for oss – som røyndom i vår røyndom. Som det kjærlege nærværet av Gud. Og som Gud sin nærverande kjærleik. God påske!



Våler nye kirke Foto Rasmus Norlander

Påskeskikkar og tradisjonar i gamal tid

Palmesøndag

Perioden frå palmesyndag til påskeaftan kallast den stille veka. Frå gammalt var denne veka verkeleg stille. Alle former for fest og selskapsliv var utenkjeleg.

For at kyrkjeklokkene skulle få ein meir avdempa klang, vart dei vanlege pendlane bytta ut med trependlar. Men påskemorgon skulle dei igjen klinge med full styrke.

Då radioen vart allemannseige, vart også underhaldningsprogramma folkeforlysting.

Men langfredag var slike program og bråkete musikk ikkje på programmet. Å feste og more seg den dagen var også utenkjeleg.

Skjærtorsdag

Namnet skjærtorsdag-skirdagr- kjem av verbet å reinsa. Det var den dagen Jesus vaska føtene til disiplane. Frå gammalt vart denne dagen også nytta som dåpsdag.

Nyfødte lam vart «reinsa» denne dagen, slik at dei skulle kome seg velberga gjennom sommaren. Lufta hadde ei spesiell reinsande kraft denne dagen, så det var lurt å henge ut klede og sengetøy denne dagen for å kvitte seg med utøy.



Tornekrone frå Pokotfjella i Kenya

Sjøl om dette er ei kristen høgtid, var fleire av tradisjonane prega av overtru. Trollpakk og vonde krefter var på ferde denne tida, så ein måtte halde seg mest mogleg innomhus. Ein måtte ikkje bruke skjære- og stikkereiskap denne dagen. Kan hende er likskapen mellom skir og skjær opphavet til at slike reiskap ikkje måtte brukast.

Langfredag

På langfredag måtte ingen syne noko teikn på glede. Mange stader skulle ein faste frå langfredag til påskedag. Også dyra skulle få lite mat. Denne skikken heldt seg heilt oppover på 18-hundre talet.

Salt sild og lite drikke skulle minne om Jesu pine, blodpølse og risvelling om korsfesting og pisking. Langfredag skulle det tyngste og hardaste arbeidet gjerast. Karane skulle kjøre ut husdyrgjødsla og hogge kvist som skulle berge dyra gjennom vårknipa. Sjøl skulle dei piska kvarandre med kvistane. Kvinnene skulle vaska håret i iskaldt vatn og kjemme det med messingkam, slik at det gjorde skikkeleg vondt. Å bruke nål, syl eller strikkepinnar var strengt for-



Sjå baksida



budt. Brukte ein nokon av desse, var det som ein magisk gjentok det soldatane gjorde med Jesus.

Alle desse skikkane vart borte etter kvart. Men nokre stader i landet blir flagget framleis heist på halv stong langfredag.

Påskeaftan

Påskeaftan er siste dagen i fasten og markerer inngangen til den glade delen av påsken. Frå gammalt var det først denne dagen ein måla påskeegg og pynta til



Altartavla i Nord-Etnedal kyrkje

påske. Skikken med å ha eit festmåltid er høgst levande, og mykje lammesteik blir fortært denne kvelden, og også fyrste påskedag. Tradisjonen med å spise lam har ein dobbel historisk og religiøs bakgrunn. Moses skulle etter Guds påbud sørge for at jødefolket fekk sitt påskelam-måltid før dei tok ut på den lange reisa attende frå Egypt. Jesus er Guds lam som skulle ofrast for menneska sine synder.

Påskedag

Ottesang tidleg påskedag morgon er enno vanleg mange stader i landet. For gammalt vart lysa som skulle brukast påskemorgon, velsigna påskeaftan. Ottesangen foregår i kyrkja, men avsluttast ofte med at kyrkjelyden går ut på kyrkjegarden med tende lys. Mange trudde at sola dansa påskemorgon, og det var ein vanleg skikk at folk drog til fjells for å sjå sola danse. Dette hadde ein symbolsk tyding, ettersom Jesu oppstode vart samanlikna med ein soloppgang. Thomas Kingo og Petter Dass nemner dette i mange av sine påskesalmer.

Tekst: Tone Steinset
Foto: Marit Sletnum

PÅSKEQUIZ

1. Korleis er regelen for når 1. påskedag kjem?
2. Kva er namnet på den siste søndagen før 1. påskedag?
3. Kva kallast dagen før askeonsdag?
4. Kva kallar vi den dagen som er til minne om at Jesus vaska føtene til læresveinane og innstifta nattverden?
5. Kva heitte forbrytaren som folket ville at Pontius Pilatus skulle frigi i staden for Jesus?
6. Kva heitte staden der Jesus vart krossfesta?
7. Kven heldt vakt ved grava til Jesus?
8. Da kvinnene kom til grava, fann dei ikkje Jesus, men det var to andre der. Kven?
9. Kor lenge er det mellom 1. påskedag og Kristi himmelfartsdag?
10. I kva for ei salme finn du denne strofa: »Redningsmannen er oppstanden»?
11. Eller i denne barnesongen: «Men korset er tomt, graven er tom. Jesus sto opp og han lever»?
12. Kva kallast verset som står i Joh.3,16, og korleis lyder det?
13. Kva for 3 dyr blir rekna som «påskedyr»?
14. Kor mange fjellvettreglar har vi?
15. No får barn påskeegg med godteri i. Kva fekk dei før i tida?
16. Kvar på kroppen finn du «den gule flekken»?
17. Kva for eit vitamin finn du ikkje i egg?
18. Kva for ein kjent amerikanar inviterer kvart år til eggrulling og påskeaktivitetar på plenen framfor huset sitt?
19. Kva slag dyr er ein ornitolog ekspert på?
20. Kva tyder eigentleg ordet appelsin?

Foto:
Ingjerd
Thon
Hagaseth



Ein kross

Ein marsdag
med knistrande føre
var skia kâte
og viljuge
til å danse
innover fjellterrenget

På ei nedlagd seter
vart det ein pust i bakken
og nett då
kom eit jettfly
frå aust mot vest
og nokre sekunder seinare
kom eitt frå sør mot nord

Og resultatet
var at stoffet
dei spydde ut
laga ein stor kross
på den blå himmelkvelvingen

Denne krossen
kom så snøgt
på den spegelblanke kvelven
at eg vart ståande som fjetra
å sjå på fenomenet

Det var som krossen kvilte
utan stytter
mellom himmel og jord
og gav ei underleg kjensle
av teknikkens triumf

Men samstundes
vart denne hendinga
eit symbol
på krossen
som opna vegen
mellom Himmel og Jord

Kristen Tandberg

1. Gud verda at han gav Son sin, den einborne,
2. så kvar den som tur på han, ikkje skal gå
3. fortapt, men ha evig liv.»
4. 13. Kyllingar, lam og hare
5. 14. Ni
6. 15. Kokte egg
7. 16. I auget vårt (eit lite område i midten
8. av netthinna)
9. 17. Vitamin C
10. 18. Presidenten i USA
11. 19. Fuglar
12. 20. Kinesisk eple

1. 1. påskedag fell på fyrste søndag etter
2. fyrste fullmåne etter vårjarmndøgn.
3. 2. Palmesøndag
4. 3. Feticytisdag
5. 4. Skjærtorsdag
6. 5. Barabbas
7. 6. Golgata
8. 7. Soldatar
9. 8. To kvitkledde menn/englar
10. 9. 40 dagar
11. 10. Påskemorgen slukker sorgen
12. 11. På Golgata sto det et kors
13. 12. «Den vesle Bibelen»: »For så høgt elska

Kyrkjelydsfest på Menighetshuset 21. mars

Tradisjonen tru arrangerte sokneråda årsmøta sine i ei triveleg og fin ramme.

Årsmeldinga (felles for begge sokn) vitna om stor aktivitet i meldeåret. Det har vore svært mange arrangement både for barn og unge, inkludert konfirmantane våre, seksti gudstenester, og ulike samlingar for seniorar og andre.

Soknerådsleiarane Aage Kleven og Turid Hagaseth Byfuglien presenterte rekneskapa, medan Marit prest la fram årsmeldingane.

I forkant av årsmeldingane, framførte konfirmantane ei dramatisering basert på Jesu kall til dei fyrste læresveinane. Dei fekk oppdraget med å fortelje om Jesu livsgjerning. Dei kunne ikkje la vere -, sa læresveinen Peter ved eit høve. Dei hadde sett og høyr, og vitnemålet deira var starten på det vi i dag kjenner som Jesu Kristi verdsvide kyrkje. Også her i Etnedal har vi to lokale avdelingar av Jesu kyrkje, to kyrkjespår som peiker mot himlen – og Ordet som gjev framtidstru og håp.

Konfirmantane fekk velfortent applaus for ein god opptreden.

Helena og Sergio gleda oss med ei musikkoppleving på høgt nivå, frå felestrenger og piano. Det var nydeleg majel frå Anna Kompen, kaker og innholdsrik utlodning med eit vell av gevinstar, og fleire som var tilstades på festen uttrykte takksemd for ein fin kveld. Omlag førti var til stades på årets fest.



Sergio Okstad og Helena Wright ga oss ei god musikkoppleving



Konfirmantar dramatiserte Jesu kall til dei fyrste læresveinane. Frå venstre Herman Holte Breien, Magnus Hestekind Storsveen, Hanna Espeliødegård, Marit Kompen og Amund Hestekind Storsveen. Foran: May Britt Småladden, leiar i konfirmantutvalet. Foto: Kari B. Byfuglien og Laila Sveen

Lysflammen

Legende av Selma Lagerlöf

Forkorta og tilrettelagt for Kyrkjevarden av Tone Steinset



For lenge siden levde det en mann i Firenze som het Raniero. Han var kjent for sitt mot og sin styrke, og for sin lyst til å ta del i slåsskamper. Han var brautende og hard, og mot dyr var han grusom.

Romero giftet seg med Franceska, datter av en linvever. Hun elsket Raniero av hele sitt hjerte og lot seg blende av sin kjærlighet til ham. Faren til Franceska het Jacopo. Han var bekymret for Franceska og fikk Raniero til å avlegge et løfte om at hun måtte få komme tilbake til sitt fars hus dersom hun ikke lenger orket å leve sammen med ham.

Franceska så på sin kjærlighet til Raniero som et stykke skinnende gyllenlær, men med alle de vonde gjerningene han etter hvert gjorde mot henne, kjente hun hvordan Raniero skar stykke for stykke av det skinnende gyllentøyet.

En av lærlingene i Ranieros våpensmie hadde elsket Franceska lenge før hun giftet seg med Raniero. Han var halt og liten av vekst, og Raniero drev hele tiden ap med ham.

Til slutt tok han livet sitt. Da skjønte Franceska at kjærligheten hun følte for Raniero kom til å dø, og hun valgte å ta veien hjem til faren.

Raniero var sikker på at hun kom tilbake, men Franceska kom ikke. Etter hvert forlot da Raniero Firenze. Han vant mye ære som kriger og ble slått til ridder av keiseren.

For å være sikker på at heltedådene hans skulle bli kjent i Firenze, skjenket han stadig

gaver som han hadde vunnet i strid, til domkirken der. Han hadde avgitt løfte foran det hellige madonnabildet at han skulle gi det ypperste han vant i strid til den hellige jomfru.

Raniero dro så i korstog til Jerusalem for å få herredømme over slott og len og utføre det han så på som heltedåder, slik at Franceska ville komme tilbake til ham.

Natten etter at Jerusalem var erobret, hus og eienommer plyndret og mange mennesker lemlestet og drept, ble Raniero hyllet som den tapreste i hæren. Korsfarerne toget inn i den hellige gravs kirke iført botskapper og med utente lys i hendene. Raniero skulle få være den første som fikk tenne lyset sitt ved de hellige flammene ved Kristi grav.

Ut på natta da drikkelaget i leiren var i full gang, kom en narr og et par spillemenn inn i Ranieros telt. Raniero lofte å lytte til et eventyr om Vårherre og Sankt Peter. I eventyret la Sankt Peter stor vekt på all elendigheten som hadde fulgt med korsfarenes inntog, og at han som enda hadde lyset sitt brennende, var den forferdeligste av alle. Vårherre måtte medgi at de fremdeles var røvere og mordere, men mente at den verste kom til å bli den frommeste. Han ville bli den som vernet om fanger og nødstedte, slik han nå vernet om flammen på lyset sitt.

Raniero hadde forlengst forstått at den det ble siktet til, var han selv, og at de andre i leiren moret seg stort, gjorde ham rasende. Han for opp for å ta narren, men måtte hindre lysflammen fra å slokne. En av ridderne minte ham da på at lysflammen var det mest dyrebare han hadde erobret, men at han neppe greidde å bringe den til domkirken i Firenze.

Rasende over at alle han spurte nektet å bringe lysflammen dit for ham, tok han en beslutning: han skulle gjøre det selv.

Ved daggry dro Raniero av sted i full rustning, med sverd og krigsøks og det brennende lyset. Knipper med store vokslys hang ved sadelen. Flammen måtte holdes levende hele veien.

Han slapp forbi vaktpostene, red raskt på den gode hesten over fjellene og så gjennom øde landskap. Han skjønte snart at det ble en stor utfordring å holde liv i flammen. Ettersom han nå satt baklengs i salen for å verne lyset, oppdaget han ikke røverne, tolv menn på skrøpelige hester. Nå var det hans tur til å bli røvet, men han fikk beholde lyset og lysknippen.

Som en ussel tigger red han videre med en av de gamle hestene. Den spreke hesten måtte han overlate til røverne.

Prøvelsene ble mange for Raniero. Italienerne på vei til Jerusalem trodde han var en gal mann som satt baklengs på et gammelt øk med et lys i handa. I en slåsskamp mistet han lyset, men fant det igjen i ei grastue. Flammen var sloknet, men det brant i graset. Slik reddet han flammen denne gangen også, og flere ganger siden.

Ferden gikk langs kysten av Syria, gjennom Lille-Asia til Konstantinopel. Mat fikk han av fromme pilegrimer.

Uten at han merket det, begynte Raniero å endre sinnelag. For første gang skjønte han at lysflammen som han vernet mot vind og regn, var som den kjærligheten Franceska hadde til ham, og at han ikke kunne vinne henne tilbake ved våpenbragder.

Over fjellet Libanon møtte han dype kløfter og stup. Han søkte ly i gravkamre mot torden, snøstormer og kulden som holdt på å ta livet av ham.

Voksløysene var alt oppbrukte, men de gangene han møtte vennlige folk, tagg han lys av dem og reddet slik lysflammen, ofte i siste liten.

En gang han hadde satt fra seg lyset mellom to steiner, våknet han av at det regnet. Men over lyset flakset det to fugler som vernet flammen med vingene. Raniero forsto at de ville hjelpe ham med å verne flammen, det skjøreste av alt.

Omsider kom Raniero til Italia og red på øde veier over fjellene. En gang kom en kvinne løpende og bønnfalt ham om å få tenne opp i ovnen sin med lysflammen. Hun hadde små barn, men ingen varme. « Mine barns liv er den flammen jeg er pålagt å holde brennende.» For de ordenes skyld lot Raniero henne få låne ild til lampen sin.

Litt senere kastet en bonde kappen sin over Ranieros slitte kappe av medlidenhet med ham. Flammen sloknet, og Raniero red tilbake til kvinnen og fikk tent lyset sitt på nytt. Da han fortalte at flammen var tent ved Kristi grav, sa kvinnen: « Da må den kalles mildhet og nestekjærlighet.»

Nå kjente ikke Raniero lenger noen glede ved det livet han hadde ført. Han forsto at kloke og fred-

somme og barmhjertige mennesker var bedre enn de ville og kamplystne.

Baklengs kom Raniero ridende inn i Firenze. Det var påske. Det ble stort oppløp i gaten av folk som hujet og skrek og prøvde å slokke lyset til til denne mannen som alle trodde var en pazzo, en galning. Den utslitte og fortvilte Raniero sto oppreist i salen for å berge lysflammen. En kvinne nappet til seg lyset og skyndte seg inn i en svalgang. Raniero falt besvimt ned på gaten. Alle menneskene forsvant, men kvinnen kom ut med det brennende lyset og hjalp Raniero opp på hesten. Raniero hadde ikke gjenkjent Franceska, men hun hadde kjent igjen mannen sin. Hun hjalp ham ned av hesten, og han gikk inn i sakristiet til prestene. Det var påskeaften, og lysene i domkirken var ikke tent på grunn av sorg.

Etter messen kom en prest fram og fortalte om Ranieros reise. Så kom en prosesjon av domherrer, prester og munkertogende inn, og til slutt Raniero i den slitte kappen. Plutselig steg en gammel mann, Oddo, fram. Han var far til svennen som hadde hengt seg på grunn av Raniero. Nå krevde han bevis for at Raniero snakket sant, og at han måtte skaffe vitner. Franceska gikk bort til Raniero og sa at alle kvinner i Firenze ville vitne for ham. Da smilte Raniero til henne.

Det ble stort oppstyr i kirken. Far til Franceska forsto at Raniero hadde blitt et godt menneske og prøvde å forsvare ham, men Oddo og mange andre sto på sitt. På nytt måtte den dødstrette Raniero holde lyset høyt for å hindre at det ble blåst ut.

Da flakset en liten fugl inn gjennom portene og rett inn i lysflammen og slokket den.

Med sjokk så alle at lysflammen hadde antent vingene, og som en flagrende flamme fløy den under kirkehvelvet, før den sank død ned på alteret med madonnabildet. Og med flammene som fortærte fuglens vinger rakk Raniero å tenne lysene på alteret. Da ropte biskopen: «Gud har vitnet for ham!»

Etter dette levde Raniero lykkelig i Firenze. Han ble grunnlegger av en stor ætt, og var kjent som en klok, mild og barmhjertig mann.

Hver påskeaften ble Ranieros hjemkomst med den hellige ilden feiret i domkirken, slik at de alltid lot en kunstig fugl fly med ild gjennom domkirken.

ØNSKEDIKTET

Ein vyrdsam takk til Hans S. Ruud for utfordringa i førre utgåve av Kyrkjevarden.

Det er mang ein ordsmed som har gjeve eit monaleg inntrykk, men det fyrste diktet eg tenkjer på og som sit best hjå meg er «Jeg finner nok fram» av Kolbein Falkeid. Diktet har knytning til personar eller hendingar som har betydd mykje for meg, og gjev meg ei kjensle av tryggleik og høve til refleksjon.

Til neste utgåve av Kyrkjevarden vil eg utfordre ein annan lyrikar i grannelaget, Knut Espeseth, til å velje seg sitt dikt.

Erland Espelien



*Jeg finner nok frem
Døden er ikke så skremmende som før.
Folk jeg var glad i
har gått foran og kvistet løype.
De var skogskarer og fjellvante.
Jeg finner nok frem*

MI SALME

Landstads reviderte salmebok - lommeutgave trykt i Oslo 1958 - fekk eg av bestemor Gunhild Wold, født Juvkam. Med sjelvande handskrift har ho skrive «Til Ingun fra bestemor 18.9.1966». Det er ei lita bok, med mange fine og gode salmar, med plass i ei lomme.

Påskesalmane er - som julesalmane - noko vi syng kvart år - og som vi hugsar. Det er ei optimistisk tid, snart kjem ein ny sommar med så mykje å glede seg til.

God og glad påske til oss alle!
Ingun Kompen

Eg utfordrar Margunn Søyland Nesbakken til å velje salme i neste utgåve av Kyrkjevarden



Påskemorgen slukker sorgen

*Påskemorgen slukker sorgen
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dawning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helve greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde
for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven
midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens sold.*

*Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet
smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder,
Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*

Nikolaj Fredrik Severin Grundvig

Jomfruslettfjellet Rundt

40 år med gode historier, smørefordringer og mye svette

Egentlig skulle 40 – års jubileet vært for to år siden, men en elendig snøvinter for noen år siden og korona satte en stopper for 40 sammenhengende år.

For å prøve å nøste litt i gammel historie er Kåre Espeseth og Jan Arild Berg sentrale kilder. Jan Arild går forøvrig på sitt 39. år som rennleder. Kåre som løypesjef og altnuligmann fikk lov til å trappe ned for noen få år siden.

I følge de to karene var det vel Kåre, Jørgen Nysveen og noen andre sin deltakelse i Skarverrennet, som skapte den første spiren; - det måtte da være mulig å få til et turrenn i Etnedalsfjellene også.

Fra tanke til realisering gikk fort og i 1984 ble Jomfruslettfjellet rundt arrangert. Selv om starten var lagt til myra nedenfor Gamlestølen, var Arvid Hagaseth på Glenna høyfjellsenter sentral i gjennomføringen. Løypa gikk over Glenna og opp forbi Slettatn og inn på dagens trasé bortenfor Kalvetjernet.

For å få arbeidsforhold for et rennsekretariat ble kreative metoder benyttet. En kombinert person og gods buss fra Etnedal bilruter ble hyret inn og sekretariatet tok plass i lasterommet bakerst på bussen. Mulig det var det første sekretariatets opplevelse, som har fått låst arrangementsdato for Jomfruslettfjellet rundt til palmesøndag uansett når påska kommer.

Litt usikkerhet rundt om den første løypa ble kjørt med snøscooter eller om det ble løypemaskin, men godt merket ble den. Strimler med krepp-papir ble hengt opp så tett at det skulle være mulig å se fra bånd til bånd for slitner skiløpere.,

Spenningen var stor om det i det hele tatt ville komme folk for å delta på rennet. 174 i konkurranseklassen og 145 i trimklassen (kilde: Valdres) la imidlertid all skepsis til side og bekreftet at Jomfruslettfjellet rundt var kommet for å bli.

Arrangøren var imidlertid godt forberedt. Turrenn på 80 tallet var kamp om posisjoner og utblåsing av adrenalin. Tjuvstart i fellesstarter forekom, men Kåre Espeseth som løypesjef hadde forberedt seg. Et langt hampetøg ble strekt ut på startlinja og tøget ble ikke løftet før Jan Arild ga startsignalet. 'Tøge hass Kåre' ble et begrep etter det første rennet.

Året etter ble starten flyttet til myra vest for hyttene på Glenna og sekretariatet fikk tilhold innendørs. Fram til 2009 ble målgangen gjennomført på Glenna. Starten var også ved Glenna, men ble etter hvert flyttet fra myra vest for hyttene til myra ned mot fylkesvegen.

Traséen til Jomfruslettfjellet rundt har i grove trekk gått i samme spor i alle år, selv om det har vært noen justeringer på start og mål. Særpregene med bratte fiskebeinsmoter som går rett til værs har traséen beholdt, mens utforkjøringa ned fra fjellet og til Kinndalen er lagt om. Ryktene sier at de tøffeste oppnådde 70 -80 km på de beste førene i denne bakken

Med høyeste punkt på 1140 m.o.h. og laveste på ca 875 m.o.h. har været ofte gitt utfordringer for både smurningsvalg og bekledning. P.g.a sterk vind er det to år som rennet har gått i en avkortet versjon med to runder á ca 10 km. Mange flere år har det vært smurningsproblemer, ofte med tørrsnø på toppen og kram våt snø fra Elvesæter og inn mot mål. I 2017 kom den første deltakeren som staket rennet og etter dette året har de beste 'staket seg vekk' fra festesmurningens utfordringer.

I 2009 ble start og mål flyttet tilbake til Gamlestølen. Utgangen har vært justert noen ganger, men går i dag rundt Langtjernet før løypa passerer Gamlestølen og fortsetter opp mot høyeste topp.

Deltakerantallet har holdt seg veldig bra i aller år. Riktignok har de aktive blitt i mindretall, mens trimklassen har hatt overvekt de seinere årene. Deltakerrekorden er fra 2009 da det totalt stilte 337 til start - 52 aktive og 285 i trim.

Det kan være utfordrende for en arrangør å ha ansvar for mange deltakere som skal bevege seg rundt i fjellterreng. Stort sett har Røde Kors, gjennom å kjøre 'løypesop', full kontroll på den siste deltakeren. Ett år var det derimot en som ikke ble fanget opp og det var heller ingen som hadde sett deltakeren. Politiet ble vurdert kontaktet, men rett før nummeret ble slått, dukket personen opp. En gjestfri hytte eier hadde bedt deltakeren inn på kafe og kaker og sosial som personen var, hadde denne takket ja til invitasjonen.

Om det blir 40 nye år med Jomfruslettfjellet rundt på palmesøndag er det vanskelig å spå om. Dugnadsfolk og deltakere inspirerer til å fortsette, men snøforholdene og været kan kanskje bli den største utfordringen viss prognosene slår til.



Vegard Thon
i fint driv

Påskekryssord 2025



VANNRETT:


- 1: Visesanger Ole
- 3: Ytterplagg
- 5: Olympiske leker
- 7: Kongenes konge
- 9: Lars Olsen
- 10: Velbeslått
- 11: Sjø (engelsk)
- 12: Kjekke

LODDRETT:

- 1: Høytid
- 2: Anine Pedersen
- 3: Statsminister Starmer
- 4: Ridedyr
- 5: Guttenavn
- 6: Skrattet
- 7: Junior
- 8: Amerika



Løsningsord:
VANNRETT:
1: PAUS
3: KÅPE
5: OL
7: JESUS
9: LO
10: RIK
11: SEA
12: REAL
LODDRETT:
1: PÅSKE
2: AP
3: KEIR
4: ESEL
5: OLA
6: LO
7: JR
8: USA



- Minst og best -

Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes facebook-side

Rådgjevande folkerøysting om målform ved Etnedal skule

Kommunestyret har vedteke å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting for å vurdere kva målform det skal vere ved Etnedal skule framover. Sjå kommunestyresak 136/24.

Noverande målform ved Etnedal skule er nynorsk. Det vil si at undervisninga og den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra skal skje på nynorsk (opplæringslova § 15-2). Samstundes kan elevar og foreldre sjølve velje målform på elevane sine læremiddel og bøker (opplæringslova § 3-1). I dag vel om lag 65 % av elevane læremiddel på bokmål. Lova krev likevel at desse elevane, dersom dei går i 1.-7. trinn, skal nytte nynorsk i det skriftlege arbeidet sitt. Det vil si at elevane har undervisning på nynorsk, medan eit fleirtal har læremiddel på bokmål, men skal bruke nynorsk i skriftleg arbeid.

Nå ynskjer kommunestyret synspunkt frå befolkninga gjennom rådgivande avstemming på om målforma ved Etnedal skule skal vere nynorsk eller

bokmål. Det skal òg gjennomførast rådgjevande røysting for elevane, for føresette til elevane, for føresette med barn i Eventyrskogen barnehage samt for tilsette ved skulen. Ungdomsrådet vil uttale seg og saka vil bli lagt ut på offentleg høyring.

Alle som står i manntalet i Etnedal kommune per 01.01.2025 og oppfyller generelle stemmerettsvilkår kan delta i den rådgjevande folkerøystinga. Du kan velje om du vil røyste for at Etnedal skule skal ha nynorsk eller bokmål som målform eller du kan røyste blankt. Det kan røystast på servicekontoret på kommunehuset i perioden 28. april – 10. mai 2025. Opningstider: måndag – fredag 09.00 – 16.00, laurdag 10.00 - 13.00.

Elevane, føresette, tilsette og ungdomsrådet vil få direkte informasjon om kvar dei kan uttale seg i tillegg til rådgjevande folkerøysting.

Det blir informasjonsmøte på samfunnshuset 23.04. kl. 18.00.



Dåp og vigsel i februar 2025



Ida Fauske vart døypt i Nord-Etnedal kyrkje 16. februar.

Dåpsbarnet Ida saman med foreldra Linda Stuve og Bjørn Fauske, og fadrane May Britt Stuve og Aud Kari Fauske.



Anne Kjersti Pedersen og Knut Tørnblad vart vigde i Bruflat kyrkje fredag 14. februar



Slekters gang



NORD-ETNEDAL

Ida Fauske

16.02.2025



Bruflat

Anne Kjersti Pedersen og Knut Tørnblad

14.02.2025



Bruflat	Død	Gravferd
Sverre Arvid Hestsveen	17.11.2024	Urne til Bruflat kyrkjegard
Kåre Arne Bakken	30.11.2024	Urne til Bruflat kyrkjegard
Walter Hagala	04.12.2024	13.12.2024
Ingrid Kristine Tidemandsen	06.12.2024	19.12.2024.
Leif Bergene	27.01.2025	05.02.2025
Aslak Kringli	18.02.2025	05.03.2025
Nord-Etnedal	Død	Gravferd
Grethe Thon	15.01.2025	24.01.2025
Haakon Bachér	18.02.2025	04.03.2025
Sigrunn Lauvhaug	11.03.2025	20.03.2025

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



13. april - Palmesøndag

Preiketekst: Joh 12, 1-13

kl. 11.00 Klubbhuset, Mosletta.
Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband

17. april - Skjærtorsdag

Preiketekst: Joh 13, 1-17

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Dåp og nattverd.
kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.

20. april - 1. Påskedag

Preiketekst: Joh 20, 1-10

kl.11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

27. april - 2. søndag i påsketida

Preiketekst: Joh 20, 24-31

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Tårnagentgudsteneste
Takkoffer til KRIK – Kristen Idrettskontakt

1. mai - Arbeidernes frihetsdag

Preiketekst: Matt 20, 25-28

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Solidaritetsgudsteneste.
Bruflat musikklag deltek.
Takkoffer til Norsk folkehjelp

11. mai – 4. søndag i påsketida

Preiketekst: Joh 14, 1-11

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. mai - Grunnlovsdagen

Preiketekst: Luk 17, 11-19

kl. 10.30 Familiegudsteneste.
Konfirmantane deltek.
Takkoffer til kyrkjelydens barne – og ungdomsarbeid

25. mai – 6. søndag i påsketida

Preiketekst: Matt 6, 7-13

kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Samtalegudsteneste ved konfirmantane og presten.

29. mai – Kristi himmelfartsdag

Preiketekst: Joh. 17, 1-5

Kl. 13.00 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med dåp.

1. juni - 7. søndag i påsketida

Preiketekst: Joh 16, 12-15

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Konfirmasjon
Takkoffer til Frelsesarméen

8. juni – 1. Pinsedag

Preiketekst: Joh 14, 23-29

kl.11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Konfirmasjon
Takkoffer til Frelsesarméen

9. juni - 2. Pinsedag

Preiketekst: Joh 7, 37-39

kl. 11.00 Brusveen grendehus.
Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband


Med atterhald om eventuelle endringar.
Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres, på Kyrka si heimeside og på facebook, Kyrkja i Etnedal

«Det det gjelder om, er å gå så stille at bare Guds fottrinn høres»

Johan Falkberget

«Å våge er å miste fotfestet for en stund. Å ikke våge er å miste seg selv.»

Søren Kierkegaard



Altarpartiet i Seegård kirke, Snertingdal
«Oppstandelsen» måla av Håkon Blegen
Kristus bryt dødens lekkjer.

Påskedag

¹ Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. ² Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. ³ Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. ⁴ Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. ⁵ Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. ⁶ Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! ⁷ Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' – No har eg sagt det til dykk.» ⁸ Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. ⁹ Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. ¹⁰ Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»

Matt 28,1-10

Land Trykkeri as 

- få det trykt i Land du også!

LT@landtrykkeri.no